

Ny avløyssar i Ørsta/Volda

Tekst : Marte Alnes

Vebjørn Hansen Berg starta hos Landbruk Nordvest i vår, som freelance avløyssar i området Ørsta/Volda. Sidan starten har han berre fått meir og meir arbeid, og dei siste månadane har han stort sett hatt fulltidsjobb som avløyssar. Han har vore hos fleire ulike bønder i området, der hovudoppgåvene har vore mjølking, fôring og generelt stell av dyr.

Bakgrunn

Vebjørn budde dei første åra av sitt liv på Askøy utanfor Bergen. Når han var 8 år gamal flytta familien til eit småbruk i Eide kommune på Nordmøre. Her starta dei opp med ammekyr og økologisk bringebærproduksjon, dei hadde også nokre smådyr på garden, slik som sau og mini-esel.

På vidaregåande gjekk Vebjørn eit år

på TIP og eit år på matroslinja i Kristiansund. Deretter gjekk han eit år på folkehøgskule, før han fullførte to år som matroslærling. Interesse for landbruk har alltid vore der, men i tida når han var matroslærling las han Nationen i pausane og dette vekka interessa for landbruket for fullt. Etter at han var ferdig utdanna matros, flytta Vebjørn til Østlandet for å studere. Først fullførte han ei Agronom utdanning, og deretter gjekk han 2 år med fagskule med fokus på økologisk landbruk. Her lærte dei mykje forskjellig, som økonomi og driftsledelse, litt om planteproduksjon og litt om husdyrproduksjon.



Han har heile tida arbeida litt som avløyssar innimellom studiar og lærlingtid. Når han gjekk på ungdomsskulen og vidaregåande tok han på seg avløyssaroppdrag i helgar og i feriar i regi av Landbruk Nordvest. Når han flytta til Østlandet for å studere arbeida han ein periode for Østfold landbrukstenester. Her lærte han seg mjølkning, sidan han tidlegare stort sett berre hadde arbeidd hos ammekubønder.

Volda

Det var Kjærleiken som gjorde at Vebjørn enda opp i Volda, og no bor han med sambuaren på garden ho kjem frå. Her har dei planar om å bygge om fjøsen og ha nokre ammekyr, med tida. Mykje av fritida går til å bygge om fjøsen, elles likar han å gå i fjellet og å fiske. Han har egen båt, og er gla i både å sette garn og å fiske med stang. For tida driv han også å skolerer seg til å kunne fiske med line.

Ein av hovudårsakene til at Vebjørn gjekk frå å vere matros til å



bli avløyssar var på grunn av allsidigheita ein får når ein arbeidar i landbruket. Du må kunne litt om det meste når du er avløyssar/bonde. Det er mange ulike faktorar som verkar inn på kvarandre, dette synest han gjer avløyssaryrket ekstra utfordrande og spennande. Vebjørn er

veldig interessert i Økologisk landbruk, det å drive jorda best mogleg i forhold til naturen sine premisa synest han er viktig.

Framtida

Vebjørn vil halde fram som avløyser i området Ørsta/Volda i tida framover, samtidig som han bygg om garden han og kjærasten bur på. Vebjørn er interessert i meir arbeid i tida framover etter jul. Han får berre gode skussmål frå bøndene han har arbeidd hos, so dersom du har bruk for ein dyktig avløyser er det berre å ta kontakt.